



Elisabeth og Henning Knutsen
Stølen 37
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2922 - 14/27789

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2014

Søknad om igangsetjingsløyve - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/201 Alver

Kommunen viser til søknad om igangsetjingsløyve for tiltak på gbnr 137/201, mottatt 27.11.2014. Søknaden er send inn av tiltakshavar.

Mottakskontroll

Det vart gitt dispensasjon og rammeløyve for omsøkte tiltak på vilkår i skriv datert 09.10.2014.

Igangsetjingsløyve kan ikkje gjevast før vilkår i rammeløvet er oppfylt, ansvarsrettar er godkjend og kontrollomfanget er avgjort, samt at eventuelle løyve frå andre styresmakter ligg føre, jf pbl § 21-5 første ledd.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi viser mellom anna til følgjande:

- Søknaden er send inn av tiltakshavar
- Vilkår i rammeløyve og dispensasjonen er ikkje tilstrekkeleg dokumentert
- Søknader om ansvarsrettar manglar

Ansvarleg søkjar er tiltakshavar sin representant overfor kommunen og har ansvar for at søknaden inneheld naudsynnte opplysningar slik at kommunen kan ta stilling til om tiltaket er i samsvar med bestemmelsar og løyve gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Mottatte søknad om igangsetjingsløyve vert **arkivert utan vidare handsaming**. Ny søknad om igangsetjing vedlagt naudsynt dokumentasjon må sendast inn av ansvarleg søkjar.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

BARK as

Postboks 4115
Sandviken

5835

BERGEN

Mottakarar:

Elisabeth og Henning Knutsen

Stølen 37

5911

ALVERSUND